ALVER
KOMMUNE

Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:7VARFX-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 17.03.2022 |
| Vår: 22/1347 - 22/22474 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Mellombels svar på rørleggermelding - gbnr 134/478 Hilland - bygg 1

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | Tilknyting offentleg vatn og avløp –bygg 1, tomannbustad |
| **Byggjestad:** | Vardane – Gbnr 134/478 |
| **Tiltakshavar:** | Bolig & Eiendom AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Stendal VVS AS |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.03.2022

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. I samband med omlegging av kommunalt leidningsnett, for å kunne etablere tilkomst til eigedom, har Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvatlning sett krav om innsending av detaljteikningar i plan og profil. Hovudvassleidning er ei 160 mm Pvc leidning. Dersom ein kun skal legge om denne på eit lite strekk, med fleire avvinklingar, vil dette krevje omfattande forankring, som må prosjekterast og godkjennes. Evt. kan vassleidning skiftast til ei pe leidning i større del av kurven. Disse tinga må være avklart før oppstart. Omlegging av hovudvassleidning må gjerast i samarbeid med VA-drift, då dette krev omkopling av vassforsyning i området.

   Omlegging av hovudvassleidning kan endre tilknytingspunktet på kommunalt leidningsnett. Før vi kan handsame søknad må omlegginga være avklart.

2. Det må sendast inn ny situasjonsplan (VA-kart) som viser leidningsnett frå veggliv til tilknytningspunkt på kommunalt leidningsnett. (jf. «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelsen» pkt 2.1). Omlegginga skal også være vist.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.04.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Stendal Vvs AS | Blombakken 1 | 5911 | ALVERSUND |